



Notat

Frå:

Daniel Borge Kristensen

Innspel til budsjett og økonomiplan 2021 - 2024 frå Ungdomsrådet

Saknr/Journalnr

20/730/20/10154//DBK

Arkivkode

FE-033

Dato:

17.11.2020

Uttale til budsjett 2021 - 2024 vart drøfta i sak 20/896 i Ungdomsrådet 10.11.20

I møtet la rådmann fram dei tema som er mest relevant for barn og ungdom. Ungdomsrådet har tatt dette til orientering og har følgjande uttale til budsjett og økonomiplan 2021-2024:

Kutt i budsjettet- skulane

Ungdomsrådet uttrykkjar at eit slikt kutt er svært dumt. Spesifikt detta med store klassar på Ungdomskulen. 34 elevar i ein klasse er svært mange og ungdomsrådet meiner dette vil gjera slik at undervisninga blir mindre variert. Å ha detta i dei yngste klassane kan skape mykje kaos. Det kan bli vanskelegare å få ein god debatt med meir fokus på utforsking slik det står i den nye læreplanen. Ungdomsrådet er redd for at store klassar skal påverka den munnlege aktiviteten på ungdomstrinna. Å ha ein stor forsamling medan ein skal halde ein presentasjon kan skapa meir redsel blant ungdommen.

Ungdomsrådet skjønner poenga til rådmannen om å fornye skulane og måten dei jobbar på, men er framleis litt skeptisk til dei nye løysingane. Ungdomsrådet er meir positiv til å innføre dette på barneskulen enn på ungdomskulen i forhold til vurderingskriterier.

1-10 skule

Ungdomsrådet er einige med rådmannen når det gjeld 1-10 skule. Dette er ein dårlig løysing i forhold til miljø, plass og liknande.

Varmmat på skulen

Ungdomsrådet er veldig positiv til varm lunsj men stiller spørsmål til om det er dette me vil bruka ressursane våre på. Ungdomsrådet stiller seg positive til dette så lenge det ikkje rammar andre kritiske funksjonar. Ungdomsrådet stiller også spørsmål til korleis dette skal fungere saman med Samnangerheimen.

Barnevern

Ungdomsrådet ynskjer å forbeta ryktet til det nye barnevernet. Barnevernet er der for å hjelpe barn, ungdom og familiar, ikkje ta ungane frå familien, og ynskjer at barnevernet skal være ein plass der ein kan få råd og førebyggje. Dette ynskjer ungdomsrådet å få ut til innbyggjarane i kommunen. Rådmannen var positiv til dette og at det kanskje var ein ide med ulike kurs til lærarar og familiar (døme: «Korleis byggje opp sjølvtiliten til barnet ditt»). Ungdomsrådet er bekymra for at fagmiljøet skal bli for lite eller ikkje eksisterande. Samarbeid er kritisk i eit barnevern slik at ein kan spørje om råd i vanskelege sakar.

